

Ørjan Tveit  
Elsters Gate 3  
5059 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/300 - 21/15461

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2021

## Løyve til oppføring av forstøtningsmur og båtslipp - gbnr 357/8 Sætre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 297/21**

**Tiltakshavar:** Ørjan Tveit

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av støttemur og båtslipp på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaka: båtslipp og støttemur skal plasserast som vist i situasjonsplan, datert 16.12.20, mottatt 08.03.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Det skal ikke utførast betongplate foran naust.**
3. **Det skal ikke leggjast kult/kultplate mellom naust og støttemur.**
4. **Tiltaket skal oppførast i samsvar med løyve fra Bergen hamn datert 03.03.21.**
5. **Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. **Revidert situasjonsplan som viser ingen inngrep i terrenget foran naust og mellom støttemur og naust.**
2. **Det skal sendast inn bildar av terrenget rundt tiltaka ved ferdigstilling.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av båtslipp til eksisterande naust med bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 45,6m<sup>2</sup> og støttemur.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid i form av betongplate foran naust og kult mellom støttemur og naust. Dette er ikkje godkjent. Administrasjonen viser til dispensasjonsvedtak i APM sak nr.112/20 i sak 20/389 av 02.09.20. Sjå grunngjeving i vurderinga.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.01.21 og supplert 08.03.21.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Tilleggsdokumentasjon vart etterspurt ved brev av 29.01.21.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 08.03.21.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremål på land og som bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i sjøområde. I tillegg ligg tiltaka i 100-meters belte mot sjøen og krev dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona.

### **Dispensasjon**

Dispensasjonssaka vart handsama i APM-møte den 02.09.20 i sak 20/389 der det vart gitt dispensasjon til det no omsøkte tiltaket.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt då dispensasjonssaka er handsama tidlegare og det ikkje er kome klage på gitt dispensasjon.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 16.12.20, mottatt 08.03.21.

På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere 40 meter.

Tiltaket er plassert utanfor byggegrense i plan.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

### **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser båtslipp, mur, betongplate foran naust, kult mellom mur og naust. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng. Betongplate foran naust og kult mellom støttemur og naust er ikkje godkjent i tråd med vilkår i dispensasjonsvedtaket.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknad.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

## **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

## **VURDERING**

### **Terrenginngrep**

Administrasjonen viser til dispensasjonsvedtak i APM sak nr.112/20 i sak 20/389 av 02.09.20:

#### **APM- 112/20 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/389, datert 05.02.2020, vert gjort om.

Det vert gjeve dispensasjon i samsvar med vedtak frå Utval for drift og utvikling i tidlegare Meland kommune datert 26.11.2019 i sak 19/1589, der følgjande vedtak vart fatta:

«*Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftsformålet i kommuneplanen sin arealdel, frå arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og frå byggeforbodet i strandsona, for oppføring av forstøtningsmur og båtopptrekk.*

*Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:*

*· Dispensasjonen gjeld båtopptrekket. Dei gis ikkje dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter.*

*· Det skal ikkje gjeris noko med området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket.»*

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvalningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det vart ikkje gjeve dispensasjon for tiltak mellom muren og båtopptrekk. Slik vi tolkar teikningar skal det lagast betongplate foran naust mellom naust og båtopptrekk. I tillegg skal det leggjast kult mellom mur og naust. Dette er i strid med gitt dispensasjon. Det er godkjent betongarbeid i tilknyting til mur og båtopptrekk.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/300

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Godkjent kartutsnitt

E01\_Vedlegg\_Plantegning Slipp og forstøtningsmur\_20210202

E02\_Vedlegg\_Snitt A-A og B-B for slipp og forstøtningsmur\_20210202

#### **Mottakarar:**

Ørjan Tveit

Elsters Gate 3      5059

BERGEN